



Kyrkje- helsing

**Kyrkjelydsblad for Osterøy
Nr. 5. desember 2000**

Teikna av Trine Nesheim

L
E
I
A
R

Ved.
Olav Meltvik



Jula kjem til fastsett tid

Dette er Kyrkjehelsing sitt julenr. Biskop Ole D. Hagesæter har skrive juleandakten. Fem ostringar fortel om kva for ein julesalme dei lika best då dei var born . Frå Johs. L. Hauge si bok " Minne og opplevingar frå mange år ", har me låna " Jula heime i vår oppvekst ".

Alf Terje Mortensen har skrive "Nokre juletankar". Elles litt om den nye altardukken i Bruvik kyrkje. I Gjerstad kyrkje har dei fenge ljosglobe .Me har om " Aksjon håp ". Ein pensjonist har sendt oss eit lite dikt, og årets 50 års konfirmantar får de sjå biletet av. Vidare har me minneord om Jenny Tveiterås og om tidlegare misjonær Anlaug Hauge.

Så nærmar det seg første jul i det nye tusenåret. Julehelga kjem til same dato kvart år og er noko dei fleste av oss ser fram til med forventning og glede.

Mange har faste tradisjonar i julehøgtida. I nye unge familiar tek dei gjerne med seg litt frå kvar side. Slik vert det etter kvart nye tradisjonar i dei ulike heimane.

Men hjå oss eldre går tankane ofte til vår barndoms jul når høgtida nærmar seg.

Då eg las gjennom svara om julesalmar kom det i tankane at den første julesalmen eg hugsar at eg lærde å syngja var " Eg er så glad kvar jolekveld ". Det er eit av dei første minne om jula, at me gjekk rundt juletreet og song den. No i eldre år vert eg varm i hug og sinn når eg hører eller er med og syng " Mitt hjerte alltid vanker ". Både melodi og innhald " meg rett til hjerte går ", som det står i slutten av andre verset.

Mykje omkring oss har endra seg både i levemåte og kommunikasjonar. Det var ikkje veg frå Tysse til Hosanger før fram i 50 åra. Me kunne såleis ikkje reisa til kyrkje julafantan slik me kan no. Slik har borna våre og mange andre fenge ein ny tradisjon, dette å reisa til kyrkje julafantan. Stort pynta juletre i kyrkja, mykje ljós,

fint kleddde born og vaksne. Glade julesalmar og juleevangeliet. " Det er fødd oss ein Frelsar i Davids by. Han er Kristus Herren. Og Jesusbarnet kom ikkje tilfeldig. Han var med i Guds plan for å frelsa oss menneske om me trur og tek i mot han. Profetane hadde fortalt at han skulle koma. Gud har lagt alt til rette, no er det opp til kvar og ein av oss. Me må taka i mot ikkje berre barnet krubba, men og Frelsaren på krossen.

Me helsar ei velsigna julehelg med Martin Luther sin julesalme, dei 4 siste versa omsette av Per Lønning i 1975.

**Så lat oss alle fegnast då,
med hyrdingar i fylge gå
og sjå det frelses –under stort
som Faderen for oss har gjort.**

**Du vere fagna, høge gjest !
Du kjem til den som treng deg mest.
I armod kom du ned til meg.
Eg aldri nok kan takka deg.**

**Å Herre Jesus, hjartans kjær
kom ta den seng eg byd deg her!
Ja, kvil deg no i hjarta mitt
så eg vert din og alt er ditt.**

**Gud vere takk for liv og fred!
Han sender oss sin Son her ned.
Ein lovsong gjennom rømdi går.
Guds englar helsar oss: Godt år !**



Sannferdige julebilete

Får biskopen julekort?

Ja, biskopen får julekort. Nokre av dei kjem frå menneske eg ikkje kjenner. Dei bur her på Vestlandet, og vil ynskje biskopen sin god jul.

Ofte har desse korta bibelske motiv, gjerne eit av Den heilage familien i stallen. Dei tenkjer nok at det må vere noko religiøst til biskopen, det høver nok for han.

Fra dei unge generasjonane får eg kort med støtte til Amnesty International. Det kan vere kraftige illustrasjonar som ropar av smerte og kallar på forsoning.

Venene mine sender ofte bilete av seg sjølv.

Men om vi no går til Bibelen og spør korleis julebileta ser ut der! Dei er langt frå så stemningsfulle og romantiske som religiøse julekort brukar å vere. Dei er nok heller ikkje så kraftige som biletta frå dei unge generasjonane: Her er det Gud som grunnleggjande handlar til vår frelse. Minst av alt liknar dei våre eigne oppkopier te sjølpotrett.

Still deg opp i «Den vesle bibelen» og sjå julebiletet derifrå: «For så elskar Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» (Joh 3,16).

Stå saman med Paulus når han seier korleis det var: «Han gav avkall på sitt eige, tok på seg ein tenars skapnad og vart menneske lik.» (Fil 2,7).

Det er berre flott om du skimtar ditt eige andlet i det store og sannferdige julebiletet. Dor det er det du høyrer til! Ikkje hjelpe-laust åleine eller sjølvlysande sentral. Men tett og nært vår Frelsar og bror. Det er sant, det som står i julesalmen: «Han er Frelsar min!».

Sannferdig og truverdig er Bibelen sitt julebilete!

Ole D. Hagesæther.



ADRESSELISTE FOR KYRKJELEG FELLESRÅD OSTERØY PRESTEGJELD

Kyrkjeleg fellesråd;

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Oddmund Vevle

Johannes Melve

Wenche Fiskeseth

Gyda Tveiten Lewis

Tor Lone

Marit Njåstad

Soknerådsleiarar;

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Haus: Marit Skjeldal

Gjerstad: Roald Hauge

Hosanger: Kari Hauge

Hamre: Brit Raknes

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

tlf: 56 39 00 11

Treffetid: Haus tysdag 17-19,
fredag 9-11 og 18-19.

Kapelan Brigt S. Skeie

tlf: 56 39 31 00

Treffetid prestekontoret Hosanger:
Tysdag 17-19 og fredag 10-12.

Organistane:

Liv Skoglund tlf: 56 39 26 64

Kåre Rivenes,

tlf. 56 39 06 26.

Sekretariat:

(tidl. kyrkjeverja)
Dagleg leiar: Kristen Stang

Ekspedisjon: Mikal Toska

Osterøy Rådhus

tlf: 56 39 21 00

Faks: 56 39 25 46

Redaksjonsnemnda:

Kristen Stang

Sokneprest Melve

Olav Meltvik

Øyvind Vevle

Utforming:

Ostringen Reklame

Leif J. Vatle frå Valestrand :

1. Frå dei første barndomsåra var det nok ”*Eg er so glad kvar jolekveld*” som vart mest brukt og dermed og best likt, Denne songen var så jordnær og lett å læra.

Men opp gjennom skuleåra frå 7 til 14 år var det noko spesielt når me kunne begynna å syngja julesongar i skulen. Då var det ”*Nu vandrer fra hver en verdens krok*” som skapte ei ekstra stemning i skulestova. Den song me tostemt og det kjendest stort.

2. Både tekst og tone kalla fram den drøymane julestemninga. Eg såg tydeleg for meg toget mot Betlehem med borna først, - så ”*kvinne og menn*”, og til slutt ”*rystende olding*” som tok sin stokk og vart med i vandringa.

Alt saman hadde med forventninga mot jula å gjera og den forventninga var nok like stor den gongen som i våre dagar sjølv om dei jordiske rikdomane helst var små den gongen.

3. Sjølvsagt likar eg denne songen framleis og har bruk han som intonering til julesongane i alle år eg dreiv skule. Men i seinare år er ”*Deilig er jorden*” vorte den songen som står mitt hjarte nærest. Mor mi har nok mykje av æra for det.

Det var den julesongen som kunne syngjast heile året, sa ho, og av alle songar ho elles likte, var det denne me måtte syngja i gravferda hennar som eit siste talande ønskje. Så er det då også noko fundamentalt med denne songen som går ut over våre tids- og rombegrep: ”*Tider skal komme, tider skal henrulle, slekt skal følge slekters gang ; aldri forstummer tonen fra himlen i sjelens glade pilgrimssang !*



Min jule- salme

V/ Olav Meltvik

**Kyrkjehelsing har stilt tre
spørsmål om julesalmar til fem
ostringar. Her er spørsmåla :**

**1.Kva for ein julesalme lika du
best den tida då du var barn ?**

**2.Kva var det som gjorde at du
vart glad i nett denne julesal-
men?**

**5.Likar du framleis å syngja
denne julesalmen, eller er det
ein annan du likar best no ?**

Ole Johan Faugstad frå Bru- vik:

1. Den himmelske lovsang. Eg er ikkje heilt sikker på om denne songen står under julesangar, men eg hugsar at me sang denne på julefestane då eg var barn.

2. Det kan eg ikkje sei noko spesielt om, kanskje det var melodien. Men eg hugsar at me sang med full hals då denne sangen vart sunge.




3. Denne sangen er framleis kjekt å syngja, men den julesangen eg likar best å høyra no er julesang av Adams, (O heliga natt)

Berge Litland, Bysheim :

1. På slutten særleg under krigsåra var det ekstra gleda fram mot jul då me tok til å syngja julesongar. Eg hugsar særleg ”*Glade jul*”. Det liksom lyste opp i ei elles tung tid, og for oss som var barn.

2. Denne gamle julesalmen har festa seg hjå meg etter eg vart vachsen. I vers 3 handla det om fred på jord som dverre og er aktuelt i år 2000. I ei travel førjulstrid i gartneriet når radioen står på er det fint å få høyra dei gamle julasongane.

3. Ein av dei nyare julasongane eg har lagt merke til heiter ”*Den fattige Gud*” tekst Edv. Hoem, tone Henning Sommero. Teksten er gjerne litt utanom det vanlege, men seier mykje. Høyrdé den for første gong på ein julakonsert av Vestlandskoret. God julehelg med gode juletonar.



Berta Grytås, Lonevåg :

1. Alle jolesalmar er gode minne. Dei har alltid mykje å segja for meg. Det er ein stor skatt å ta med seg i livet. Eg vil framheva ein frå min barndom, og det er : ”*Eg er so glad kvar jolekveld for då vart Jesus fødd.*”

2. Denne jolesalmen høyrdé alltid med i min barndomshjem, og på alle jolefestane. Jolekvelden samlast me alle i heimen rundt bordet i stova. Etter at far hadde lese joleevangeliet og halde andakt, var det denne salmen me

song. Ein glad song. Noko som tala serleg til barnesinnet var, at englar song og stjerner lyste og skein på himmelen. Og so ho mor som kveiker alle ljos. Det vart so nært og godt. Jolegleda og jolefreden var i stova.



3. Songen " Eg er so glad kvar jolekvel " brukar me framleis i vår heim. Men eg har ein annan song eg må høyra. Det er ein latinsk salme frå 1751 " Å kom nå med lovsang jordens kristenskare ". Den har no fått plass i vår salmebok. Teksten er mektig og melodien endå sterke. Me plar høyra midnattsmessa frå Peterskyrkja i Rom, og den vert brukt der. Når orgel – musikken brusar og det er fin song – ja då er det ei stor opplevelse. Slutten på salmen er : " Å kom tilbed ham , Guds under, vår Herre Krist ." Jolesong og musikk er ein stor kulturskatt me må ta vare på.



Magnhild Havre, Haus. :

1. Eg hadde ein far som var svært glad i å syngja, sameleis var og farfar vår.

Far vår song mykje or Ny-norsk salmebok, og han lærde oss julesongar, mellom andre " Sæle jolekvel ". Den song me kvar julafstan då me sette oss til bords. Ein familie frå Bergen som var evakuert her til under krigen var og saman med oss julafstan. Andre året dei var med oss slik ba dei om at me måtte syngja denne salmen.

2. Denne songen vart eg glad i av di dette var min barndoms jul, og dette lever framleis som ljose minne.


3. Eg likar denne salmen godt framleis. Men no likar eg og godt " Det lyser i stille gredner." Den kan eg nynna på om eg går her ålene når det lid mot julehøgtid.

Ljosglobe i Gjerstad

V/Johannes Melve

Sundag 12. november kunne Gjerstad kyrkjelyd ta i bruk Ljosglobe. På Tomasmessa vart han brukt for fyrste gong. Mange har sett at ljosglobar er komne i bruk i andre kyrkjer. No har Gjerstad kyrkje fått sin, og me tykkjer at han er fin! Han er laga av Bjørn Johannessen, og ikkje minst dette at han er laga lokalt, gjer han verdifull for oss. Me er svært takksame for at han høver godt inn i kyrkja.

Ein ljosglobe har eit stort ljos inne i globen, og rundt er det plass til å setja mange små ljos. Han har form som ein jordklote, og rundt "ekvator" er det plass til småljosa. Særlig er det for å tenna ljos når me bed han kjem til å vera brukt. Me ynskjer at han vert brukt til velsigning for kyrkje-lyden.



JULEKONSERTAR

**Hamre kyrkje - sundag 17. des. kl. 18.00. Arr.
Valestrand musikklag.**

**Gjerstad kyrkje søndag 17. des. kl. 20.00. Os-
terøy janitsjar og Hauge songlag vert med.**

Hosanger kyrkje - tysdag 19. des. kl. 19.00.

Arr. Fotlandsvåg musikklag.

Jula heime i vår oppvekst

V/ Johannes L. Hauge

Då som no var det travle dagar før jul. Særleg for dei som stelte inne. Det var ofte mange, ja i grunnen alle skulle ha eit eller anna nytt klæsplagg til jul.

Det vart ikkje kjøpt særleg mykje. Far var árvisst ein tur til byen før jul, og litt hadde han med seg heimatt. Det fekk me ikkje sjå før julafta, men du som me gledde oss når me pakka opp fagerike biletbøker, små fargeskrin og slikt. Dette var det me kalla julepresangar. Nye klæsplagg kom ikkje inn under det namnet.

Og det hende far kom heim med litt juletrepnyt. Denne vart studert og beundra frå alle sider. Slike stunder fekk far ei ny stjerna hjå alle.

Men meir om sjølv jula. Littlejulafta kom far inn i stova med ein stor stamp, og mor hadde to store gryter med varmt vatn ståande i omnen. Stampen vart fylt halvt med passeleg varmt vatn og so måtte me oppi i tur og orden. Ei tid hadde me to stampar i stova, ein for dei store og ein noko mindre for dei små. Dei første åra eg minnest, hadde me gjerne ei tenestjenta, og ho vaska i den eine og mor i den andre stam-


pen. Det vart liv og moro, og mange skvettar vatn hamna på golvet. Etter kvart me var ferdigvaska og avturka, fekk me gjerne på oss nye, strikka underklede, og me kjende eit velvære som må opplevast for å gjevast utrykk for.

nen fort, og medan dei vaska og turka stovegolvet etter sjauen, sovna me inn i den glade vissa at ” i morgen er det julafta (julaptå)”

Denne dagen som helst vart noko langdryg, var me helst meir tenestviljuge enn til vanleg. Sume hjelpte til i fjøset. Der skulle sopast og lauvkipene skulle fyllast. Kyrne måtte få ein omgang med skrapa og kost.

Til middags julafta hadde me gjerne graut, men eg kan ikkje hugsa det var vanleg med mandel i grauten slik som no. Ut på ettermiddagen kom far med kornbandet, ”julabandet”. Det hadde sin visse plass i den gamle apalen ved hageborDET, og det var ikkje lenge før gulspurven var der med flagring og småkvitring i dei ringlande havreaksa.

”Julaptå” kunne ikkje skikkeleg taka til før det var ferdig i floren, sjølv om me hadde tradisjon med sjokolade i staden for kaffi og mjølk til nonsmaten ”julaptå”. Endeleg kom dei or floren, og straks etter kom far opp or kjellaren med julatre. Når treet var kome på krossen, var me alle med og pynta. Det var gamle kuler og glitterband, paprikekkjer og korger, luftskip, smånissar og kvite fykande fuglar. Nokre små tinnkrossar var vel dei eldste, og ein av desse finst mellom julepynten endå. I toppen hadde me lenge ei forgylt pappstjerne. Seinare vart det toppspjut so lenge det varde.



Deretter bar det på stovelemen og til sengs. Og her var det og vorte jul. Sengene stod der, og me kjende dei mest ikkje att. I alle var det kome nye halmmadrasser som fylte opp slik at dyna kom langt opp på veggen. Etter lauet kom svev-

No har det vore glitterstjerne i mange år. Det siste på treet var julelysa. Dei var ofte i mange fargar. Det var far som kveikte stearinlysa. Det vart gjort like før me gjekk til bords.

På julebordet var alltid lett-salta torsk med heimekinna smør og poteter. Ein gong, kanskje i 1915, kom bestefar frå Ytre Arna med eit knippe smørskjer, og me borna fekk ei kvar. Dei var av dreia tre, hadde lok med ein rund tapp. Dei var trekrite med brende prikkamønster og kunne vel romma 1 kg. smør. I fleire år vart desse øskjene fylte med heimekinna smør, og me hadde kvar si. Attåt julefisken smakte det særleg godt med smør or desse fine øskjene.

Før me gjekk frå bordet, las far juleevangeliet, og me song den gamle salmen "Kjære Jesus Davids rot". No kom den stunda me mest hadde gledd oss til – julegåvene. Den tida var det ikkje vanleg å leggja pakkene under juletreet. Mor delte dei ut, og me var ikkje seine med å opna. Det var helst småpakkar, men det hende og me fekk nye ski, billege fureski, lette og gode so lenge dei varde.

Men " julaptå" hadde eit anna innslag og. Me vart bedne ut i stova til bestemor og bestefar, me skulle få posane våre. Det var ei viss høgtid med det. I posane, ein til kvar, var helst det same kvart år, ein julstomp med ei stor rosin i, ei appelsin, litt julebakkels og småkaker og so neter. Bestemor hadde alltid eit lite juletre på komoden, og me tykte alltid det var strålande å sjå på. Komne innatt i storstova hadde far vore i kjelaren etter juleeple. Den fyrste tida var det mest små raude, pi-sjong, men so gode dei var og slik fin eplelukt det fylgte med dei.

Det som ikkje har vore nemnt når det gjeld maten i jula, er julgeitene. Desse var baka av litt grovare mjøl enn



Julstompen og var av ein spesiell fasong. Det var ein avlang bolle, kløyvd i endane, men også desse hadde ei stor rosin eller sviske i midten. Om det var årsaka til at desse vart kalla grove julgeit og vanlege bollar fine julgeit, er ikkje utruleg, for bestemor og bestefar hadde denne nemninga. Men me re-kna berre dei grove for julgeit, og eg hugsar me tykte desse var best alt 1. juledag. Då var me alt so mette av alt godt, ikkje minst den store sjokoladefiguren, at me hadde betre appetitt på julgeitene enn julebollane. Denne tida var all innkjøpt brødvara komen frå Åsgård sitt bakeri i Ytre Arna (Elvæ). Og kan henda var det berre der dei baka julgeit.

Men alt har sin ende, også " julaptå". Det nyttar ikkje om me freista drygja tida ut, me måtte på lemmen og leggja oss. 1. juledag vakna me gjerne av at mor kom på lemmen med kaffi og litt knask attåt. Det var einaste gongen i året og stor stas. Denne dagen var alltid litt for seg sjølv og er det vel endå. Ingen måtte gå frå huset den dagen, sjølv om skiføret var aldri so fint. Noko stort offer var det no ikkje heller. Mellom julegåvene var ofte forvitneleg ting å driva tida med. Der var både Halma og Ludospel, og var det ein eller to blekktrømpatar i pakkane, so vart me

godt kjende med kva dei kunne prestera. Men me kjem ikkje frå vår barndoms juledag utan å nemna han far ved orgelet. Han fekk dei fyrste åra han spelte kyrkjeorgelet, salme-nummera frå den presten som skulle vera i Gjerstad kyrkje 2. juledag, ja preikene elles og. Soleis lærde me mange salmetonar som born, og mange inn-gangs og utgangspræludium. I den alder går det inn for full musikk, og det ser ut til at det vert sitjande og.



*Redaksjonen
ynskjer alle ei
velsigna julehelg og
eit godt nytt år!*



-Aksjon Håp-

Kyrkjeheising tek med nokre opplysningar om aksjonen frå informasjonsavisen deira om innsamlingsaksjonen 10. desember :

Dette vil Aksjon Håp.

- Samla inn 60 mill. kr.
- Synleggjera verdien av norsk misjonsarbeid.
- Påverka misjonsinteressa, spesielt hjå unge kristne.
- Synleggjera at kristen-noreg kan gjennomføra eit felles krafttak.
- Visa at norsk misjon deltek i bygging av lokalt ansvar og konpetanse ute.
- Visa at norsk misjon deltek i utviklinga av kulturelt mangfold ute og heime, og at misjonen er ein kanal for inpulsar frå sør.
- Få fram for det norske folk at den kristne bodskapen fører til sosialt ansvar og engasjement.
- Får fram at den kristne bodskapen har avgjerande mykke å seie for utvikling av menneskerettar og menneskeverd.



Desse organisasjonane får prosjektstønad frå Aksjon Håp :

- De frie Evangeliske Forsamlinger
- Den Evangelsk Lutherske Frikirke
- Den norske Israelmisjon
- Den Norske Muhammedanermisjon
- Den Norske Santalmisjon
- Den Norske Tibetmisjon
- Det Norske Baptistsamfunn
- Det Norske Misjonsforbund
- Det Norske misjonsselskap
- Metodiskirkens Misjonsselskap
- Misjonsalliansen
- Navigatørene
- Norsk Luthersk Misjonssamband
- Norsk Misjon i Øst
- Pinsevennenes Ytre Misjon
- Ungdom i Oppdrag
- Åpne Dører

Aksjon Håp er eit samarbeid mellom 27 ulike misjonsorganisasjonar. Felles for alle overtydinga om kor viktig det er med diakonalt hjelpearbeid.



Stort fellesmøte i Gjerstad Kyrkje

— Laurdag 9. desember! —

Aksjon Håp-komiteen i Osterøy arrangerer felles samling i Gjerstad kyrkje laurdag 9. desember kl. 19.00.

Krinssekretær i Normisjon (tidlegare Santalmisjonen og Indremisjonen) Leif M. Ådlandsvik vil halda kveldens tale.

Familien Nhonzi, flyktningar i Noreg frå tidlegare Zaire – no Kongo, deltek med afrikansk og norsk song. Dei har ei svert interessant historie å fortelje om korleis dei kom til Noreg.

Familien Nhonzi kan de og høyre på torget i Lonevåg på føremiddagen laurdag kl. 12.00 og på møte i Osterøy Pinsemenighet sundag føremiddag kl. 11.00.

Elles vil UK/UV og andre lokale krefter delta både med song og andre innslag.

Familie-nytt



HAUS

Døypete:

27.08 Katharina Løtveit
27.08 Anniken Mjelde
24.09 Nora Mjelde Litland

Vigde:

26.08 Tore Fanebust og Vivian Riple
02.09 Kenneth Solberg og Sølvi Litangen
07.10 Geir Bjarte Søgnesand og Renate Saxstad
Larsen

Gravlagde:

13.10 Karen Skjerping (f. 1911)

GJERSTAD

Døypete:

03.09 Stig Rune Teigland
29.09 Kristoffer Skjerping
01.10 Lisa Breivik Stefansdottir
01.10 Øyvind Simmenes Fotland
05.11 Ida Caroline Hartveit Aase

Gravlagde:

06.09 Jofred Asvald Flatås (f. 1917)
12.09 Anlaug Hauge (f. 1914)
13.09 Bergny Helena Vaksdal (f. 1931)
28.09 Jenny Tveiterås (f. 1937)
29.09 Maria Holsen (f. 1916)
26.10 Annfinn Hovden (f. 1917)

S Dåpsopplæring

O Den norske kyrkja er ei folkekyrkje. Og det eit mål
K at ho skal vera kyrkje for storparten av folket. Eg
N skal ikkje ta opp debatten om statskyrkja si framtid,
E eg vil berre ta fram ei sak som har vore framme den-
P ne hausten. Og ho gjeld dåpsopplæringa i kyrkja.
R Dåpen har me fordi Jesus gav påbod om å døypa og
E læra dei å halda alt det som eg har bode dykk. Dåp
S og opplæring høyrer saman. I kyrkjelydane har me
T fått dåpsopplæringsplanar der det er sett opp kva
E kyrkjelydane har for tiltak for dei døypete. For kyrkja
N si framtid er dåpsopplæringa livsviktig. Over 80%
H av borna her i landet vert døypete, men 90 % deltek
A ikkje i regelmessig i nokon form for dåpsopplæring
R før konfirmasjonen. Mange kjem til kyrkja for å få
"Kyrkjebok" som fireåringar, men færre kjem att
som 8 eller 11 åringar for å få bøkene sine då. Utan
eit visst minimum av kjennskap til kva kristen tru og
liv er, vil kyrkja snart slutta å vera folkekyrkje. Or-
det kan nok framleis vera til, men innhaldet vil vera
dårleg.
E OI haust la eit offentleg utval fram si innstilling
T 10.oktober om dåpsopplæringa i kyrkja. Kvart barn

BRUVIK

Døypete:

20.08 Evelyn Olsnes
08.10 Sebastian Hekland

Vigde:

26.08 Jan Erik Høylo og Ingunn Mjelde Bordvik

HAMRE

Døypete:

27.08 Henrik Øksnes (i Laksevåg)
10.09 Viljar Solberg Kristensen
10.09 Alexander Hjellvik
24.09 Mathias Eide Holstad
30.09 Johan Estrada Børteit
30.09 Andrine Lilletvedt Drange
30.09 Sanna Håland
08.10 Kristian Sagstad Lidtun
22.10 Ole Morten Burkeland
22.10 Øyvind Simmenes Fotland
22.10 Elias Marøy
05.11 Gard Heine Kalland

Gravlagd:

10.09 Unnlaug Ågotnes (f. 1924)

HOSANGER

Døypete:

15.10 Natalie Gudmundsen Hansen

Gravlagde:

06.09 Jofred A. Flatås (f. 1917)
20.09 Nelly C. Nonås (f. 1919)
27.09 Haldis Nese (f. 1915)
02.11 Borghild Vare (f. 1918)

skal få 315 timars dåpsopplæring fram til 18 år. Halvparten av timane er tenkt lagde til ein kyrkjeskule for aldersgruppa 6-10 år med avsluttande "juniorkonfirmasjon". 315 timer for kvart døypet barn vil krevja folk og kosta pengar. Utvalet har rekna ut at det krevst 1200 ekstra årsverk og kostar 550 mill. kroner kvart år. Difor er det lagt opp til å realisera desse planane innanfor ei periode på 10 år. Dei som har ansvar for opplæringa i kyrkjelydane, heiter kateketar. Eg veit ikkje kva denne innstillinga (NOU 200:26) har å seia for Osterøy prestegjeld, men eg kan tenkja meg at me har bruk for ein kateket i full stilling dersom det meste av denne dåpsopplæringa skal gjennomførast. Og for ei framtid der kyrkja framleis skal vera folkekyrkje, er ei livskraftig dåpsopplæring livsviktig.

Me går mot jol endå ein gong, og etter er det borna som kjem i sentrum. Barnet som kom til jord jole-natt gjev ei jolefeiring med perspektiv. Og for borna si skuld må me gje ei truverdig og skikkeleg dåpsopplæring !

J.M.

50-års konfirmantar i Bruvik



1. rad frå v: Kjellaug Lia, Johannes Melve, Ruth Kjellaug Kvarekval. 2. rad frå v: Helge Hekland, Reidun Kaland, Haldis Svanhild Nyborg, Berit Bruvik Ulevik, Bjørg Holmås, Ole O. Bruvik. 3. rad frå v: Magne Stokke, Edvin Bruvik, Frode Bjørgo, Magnar Johan Gjerstad. FOTO : Rune Solberg

50-års konfirmantar i Gjerstad



1. rad frå v: Asta Vedå Hvidsten, Ruth Kallekleiv Myking, Johannes Melve, Doris Riple Hetland, Elly Hansen Myking. 2. rad frå v: Aslaug M. Brekke Hjørnevik, Borghild Skår Gullbrå, Sigbjørn Hagebø, Erling Myking, Sigfred Njåstad, Borghild Kleppe Dyrkolbotn. 3. rad frå v: Magne Hauge, Kåre Vevle, Rolf Kleiveland, Olaf Solberg, Audun Kleiveland, Håkon Hagebø. FOTO : Rune Solberg

50-års konfirmantar i Hosanger



1. rad frå v: Anna Wilhelmina Ekeland Jordal, Ingunn Astrid Kleiveland Hole, Brigt Sigve Skeie, Bjørg Bjørsvik, Marit Husdal
2. rad frå v: Aslaug Farestveit Skare, Gerd Gjeitrem Skjerping, Asgerd Evelyn Kallekleiv Helland, Inger Romarheim Skår, Målfrid Liv Ånensen Ådlandsvik, Elna Hanna Strømsten Litland. 3. rad frå v: Ottar Vikesund, Gerd Nottveit Mogen, Sally Kirsten Birkeland Tysse, Magnhild Kallekleiv Medås, Jorunn Kallekleiv Feie, Anders Skår. 4. rad frå v: Ansgar Gjelsvik, Arvid Bysheim, Johannes Engeset, Norvald Johan Hanstveit Nymark, Johan Bernes. 5. rad frå v: John Fotland, Atle Bjørsvik, Rasmus Jøvald Fotland, Rolf Tysse. 6. rad frå v: Magnar Kjell Bjørsvik, Finn Dyrkolbotn, Berge Audun Litland, Oddmund Øvsthus.


50-års konfirmantar i Hamre



1. rad frå v: Edit Sæbø Johannessen, Aud Raknes Skår, Brigt S. Skeie, Gerd Sandal Jacobsen. 2. rad frå v: Reidun Juvik Hauge, Hjørdis Rundhovde Mostrøm, Margun Hopland Flatøy, Bjørg Hjellvik Salvanes, Brita Mjelde Tøsse, Helga Gudrid Haugland Henriksen. 3. rad frå v: Kari Maria Midtgård Fløysand, Sylvia Judit Styve Staff, Bjørg Raknes Mjelstad, Harry Røskeland, Ingrid Wenche Leknes Lingjerde, Gunvor Flatøy Tellevik, Magnhild Flatøy Simonsvik. 4. rad frå v: Magnar Rolland Burkeland, Gunnar Arne Heggernes, Magne Reigstad, Edvin Austegard, Einar Åsmund Hjellvik, Reidar Birkeland. FOTO : Rune Solberg



Velkommen til kyrkja



Kyrkjesskyss til Haus kyrkje
 Desse personane kan kontaktast pr. telefon:
 Berit Torp 56 39 03 59
 Bjarte Mjelde 56 39 04 64
 Einar Johnny Selvik
 56 39 43 37
 Inger Margrethe Litland
 56 39 01 17

**Kyrkjesskyss
 til Hosanger
 frå Tysse,
 ring
 Olav Meltvik,
 tlf. 56 39 52 27.**

KYRKJE-SKYSS

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Roald Hauge	tlf: 56 39 45 07
Astrid Mæle	tlf: 56 39 02 06
Marta Gjerstad	tlf: 56 39 20 31
Turid Njåstad	tlf: 56 39 24 59

Ver ikkje redda for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.

*Marta Gjestad
 Gjerstad sokneråd*

10.desember 2.sundag i advent. Mark.1,14-15.

GJERSTAD kl.11.00.

HOSANGER kl.11.00.

HAUS kl. 19.00.

Høgmesse. Melve Alf R.Kallestein preikar. Nattverd Takkoffer til Gå ut senteret.

Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av kyrkjebok til fireåringane. Sundagsskulens dag. Takkoffer til Osterøy sundagsskulenummer. Ljosmesse. Melve. Konfirmantane deltek med skriftlesing og ljosbering. Takkoffer til Aksjon Håp.

15.desember 3.sundag i advent. Matt.11,2-10.

HAUS kl.19.00.

Jolekonsert ved Haus musikkklag

17.desember 4.sundag i advent. Joh.1,19-27.

TYSSE BEDEHUS kl.11.00. Gudsteneste. Melve.

BRUVIK kl.17.00.

HAMRE kl.18.00.

GJERSTAD kl.

Ljosmesse og jolekonsert. Melve. Haus musikkklag og konfirmantane er med.

Jolekonsert. Arr. Valestrand musikkklag.

Jolekonsert. Osterøy janitsjar og Hauge songlag er med.

20.desember

HAMRE kl.09.45

" kl.11.00.

BRUVIK kl.0900

HAUS kl.18.00.

Skulegudsteneste

Skulegudsteneste

Skulegudsteneste

Skulegudsteneste

21. desember

GJERSTAD kl. 0845

" kl.10.00

Skulegudsteneste for ungdomsskulen

Skulegudsteneste for Hauge,Seljerind og Lønevåg skular.

24.desember Jolaftan. Luk.2,1-14.

BRUVIK kl.11.00.

GJERSTAD kl.14.30.

HAUS kl.16.00.

HAMRE kl.14.30

HOSANGER kl.16.00.

Familiegudsteneste. Melve.Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Familiegudsteneste. Melve. Osterøy Janitsjar spelar. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Familiegudsteneste. Melve. Haus Musikkklag spelar. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.Hamre/Hjelvik musikkklag spelar.

Familiegudsteneste .Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.Fotlandsråd musikkklag spelar.

25.desember Joledag Joh. 1,1-14

HAMRE kl.11.00.

HAUS kl.11.00.

Høgtidsgudsteneste. Skeie.Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

26.desember 2.joledag. Matt.10,17-22.

GJERSTAD kl.11.00.

HOSANGER kl.11.00.

Høgtidsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

31.desember Nyårsaften. Luk.13,1-6

- BRUVIK kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.
- HOSANGER kl.23.00. Midnattsmesse. Skeie. Takkoffer til Noregs kristelige student- og skuleungdomslag.

1.januar Nyårsdag. Luk.2,21.

- GJERSTAD kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Evangeliesentra.

7.januar Kristi openberringsdag. Jes.60,1-6

- HAUS kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- HAMRE kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer

14.januar 1.sundag etter Kristi openberringsdag. Matt.3,13-17.

- HOSANGER kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- BRUVIK kl.11.00. Høgmesse. Melve. Takkoffer til Kirkens SOS.

21.januar 2.sundag etter Kristi openberringsdag. Joh.2,1-12.

- HAUS kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- GJERSTAD kl.11.00. Høgmesse. Prostiprest Idar Simonsen. Nattverd. Takkoffer

28.januar 3.sundag etter Kristi openberringsdag. Joh.4,46-54.

- HAMRE kl.11.00. Høgmesse. Vikarprest. Nattverd. Takkoffer

4. februar Vingardssundagen. Matt.20,1-16.

- HOSANGER kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Evangeliesentra.
- BRUVIK kl.11.00. Høgmesse. Prostiprest Idar Simonsen. Takkoffer til Frivillighetssentralen i Osterøy Lovsongskveld.
- GJERSTAD kl.19.00.

11.februar Såmannssundagen. Rom.10,13-17.

- HAUS kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av Godt nytt til femteklassingane. Takkoffer til Bibelmisjonen.
- HAMRE kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av Godt nytt til femteklassingane. Takkoffer
- SION, Bysheim kl.17. Bibeldagssamling

18.februar Kristi forklæringsdag. Matt.17,1-9.

- GJERSTAD kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av blad til femteklassingane. Takkoffer til Bibel misjonen.
- HOSANGER kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av Godt nytt til femteklassingane. Takkoffer til Bibel misjonen.
- BRUVIK kl.16.30. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av Godt nytt til femteklassingane. Takkoffer til Bibel misjonen.

25.februar Sundag før faste. (Fastelavnssundag) Luk.18,31-43.

- HAMRE kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer
- GJERSTAD kl.19.00. Tomasmesse. Nattverd.

28.februar Oskeonsdag. Matt.6,16- 18.

- HAUS kl.19.00. Fastegudsteneste. Melve. Nattverd. Fastesuppe i kyrkjelydshuset etterpå. Arsmøte i kyrkjelyden.

Bibeldagen**11.februar 2001**

Bibeldagen 2001 er særleg sikta inn på Ukraina. Bibelarbeidet i dette store landet er det prosjektet Bibelmisjonen bed oss vera med på dette året.

I år og vil me ha ei tverrkjøleg samling på Bibeldagen. Sion, Bysheim, er staden for denne samlingen som vert sundag 11. februar

Konfirmasjonane 2001

Til våren vert konfirmasjonane slik:

Hosanger 29/4

Bruvik 29/4

Haus 6/5

Hamre 6/5

Gjerstad 13/5

DET HØVER MED DÅP**DESSÉ DAGANE:**

Haus: 25/12 og 11/2

Bruvik: 18/2

Gjerstad: 26/12 og 18/2

Hamre: 25/12 og 11/2

Hosanger : 26/12 og 18/2

JENNY TVEITERÅS TIL MINNE



Det var ei meir enn fullsett kyrkje av familie, vener og kollegaer som var samla i Gjerstad kyrkja for å ta avskjed med Jenny torsdag den 28. september. Det heile verka så uverkeleg og ufatteleg, brått og uventa blei ho teken frå oss alle. Jenny hadde det alltid travelt og med stor hast reiste ho og frå oss.

Jenny hadde ein iver og eit engasjement som me berre må bøya oss for alle. Ho gav seg sjølv i teneста for andre både for familie, på arbeidsplass og i misjonen.

I 25 år var ho med på bedehuset på Hauge; først i søndagsskulen, så yngres og dei siste åra som leiar for indremisjonen. Ho engasjerte seg og sterkt i ungdomsarbeidet, og ho var ofte å finna på laurdagskveldane saman med dei unge, og dei sette stor pris på henne. Ho ivra for nye tiltak på bedehuset, og var alltid positiv til nye idear. Ho var glad i dei eldre, fekk i gong ettermiddagsamlingar for dei, henta dei og kjørte dei, ho hugsa på den enkelte. Ho var utruleg flink til å oppmuntra oss andre og var positiv til igangsetjing av småbarnstreff, fredagsklubb og nattcafe. "Eg set stor pris på det de gjer," var ord som ho ofte opp-

muntra med.

I tillegg til arbeidet på bedehuset på Hauå brukte ho mykje av fritida si på Raknestunet. Ho var alltid villig, når det var bruk for meire hjelp på kjøkkenet. Dei siste somrane var ho med som leirledar, og borna og dei unge var glade for å ha henne saman med seg. Ho nådde inn til dei med sitt gode humør og sin friske væremåte. Mange er og dei loddboeker ho har selt for Raknestunet. Det var nok heilt etter Jenny sitt ønskje at det i minnegåva til Raknestunet kom inn 30000,-

Ho var og pådrivar for Gjerstad musikklag og ivra sterkt for å bevara denne typen songtradisjon på bedehuset, og her var ho og aktiv med heile tida. Radio Osterøy var og ei av hennar hjartesaker, og ho hadde stor tru på verdien av ein kristen nærradio. Mange har nok sakna røysta hennar her. Svært sjeldan sto plassen hennar tom i kyrkja på søndag føremiddag i Gjerstad.

På arbeidsplassen sin på sosialkontoret sto ho og på seint og tidleg, og også her er ho sakna av mange. Ho hadde ei utstråling og ein humor som blei sett stor pris på. Ho hadde klare og sterke mei-

ningars og blei respektert også for trua si. Ho hadde eit raust og fint menneskesyn og hennar hjarta var på dei svake si side.

Midt oppi alt hadde Jenny stor omsut for familien sin og dei er det nok som kjenner det største saknet.

Jenny sa ofte: "Eg må gå, men eg kjem snart att". No kjem ho ikkje att. Det kjennest både uverkeleg og uforståeleg. Ho var som eit tuntree midt i mellom oss. Når tuntree ramlar kan det ikkje reisast oppatt.. Men Jenny har blitt oppreist; "ho har stridt den gode striden, fullenda løpet og nådd målet."

*"Herre Jesus lat meg læra av ditt ord og av di gjerd,
At eg sokja skal Guds Æra i mitt liv og all mi ferd,
Ikkje for mitt eige sorgja, berre etter ein ting spørja,
Berre på det eine sjå, at Guds sak eg fremja må."
(Elias Blix).*

Me er utruleg takksame for det me fekk gjennom å vera saman med henne. Guds velsigning over Jenny sitt minne.

Madli Hannisdal.

Tuntreet

**Jorda riste då treet fall,
vi trudde knapt det vi såg.
Tuntreet heime med greiner og blad,
som livlaust på bakken låg.
Borna let tårene strøyma fritt.
Kva skulle dei klatra i no?
Kvar einaste grein
heilt til toppen av treet
var merkte av barneskø.**

**Det renn ei elv av tårer,
på jorda der vi trør.
Men Gud har makt å lækja
kvart hjartesår som blør.
Han sjølv skal opna døra,
når sorga bankar på.
I mellom oss og døden,
han dag og natt vil stå.**

**Bak sorg som er kjærleiken solefall,
vil morgonen atter gry.
Dette er lovnaden Jesus gav
til den som er fødd på ny.
Ingen kan riva or handa hans,
eit liv som i Gud har si rot.
Døden vår bitraste fiende,
Ligg knust under Frelsarens fot.**

**Jorda riste då treet fall,
men kjærleiken varer ved.
Tuntreet heime med greiner og blad,
var røta i livsens tre.
Visst vert det kaldare no en før,
eit tuntre gjev livd og ly.
Guds fred er den røysta som himmelen
sender,
til den som er fødd på ny.**

Haldis Reigstad.

MINNEORD

Anlaug Hauge døyde 4. september 2000. Ho var fødd på Hauge i 1914, og var ei av tre systre som var misjonærar på Madagaskar. Anlaug Hauge tok sjukepleiarutdanning i Oslo, gjekk på Misjonskulen for kvinner, og vart vigsla til misjonær i Oslo Domkyrkje 14/10 1945. På Madagaskar arbeidde ho først i Vanganindrano på austkysten. Her var klimaet hardt, så ho fekk hjarteproblem og fekk arbeidsplassen sin i Antsirabe. Etter denne perioden, fekk ho ikkje reise utatt. Her heime arbeidde ho den lengste tida i psyki-



atrien, og i mange år på Sandviken sjukehus.. Ho kom frå ein musikalsk familie, og var glad i song og musikk. God songrøyst hadde ho. Ho var eit festmenneske og levande i si ferd. I kyrkja har me synleg minne om henne i "hovdingteppet" som ho gav til kyrkja.

Med takk minnest me henne, og takkar henne for det ho gjorde for å bera den glade bodskapen til andre folkeslag.

Gud signe minnet !

Haust-tankar

Enno ein haustdag i fjellet eg fekk,
og lyngen i blom eg fekk sjå.

Takk gode Gud for åri som gjekk
med sol ifrå himmelen blå.

Om vemodet fyller mitt hjarta og sinn,
det kveikjer ei von inni barmen.

At alt det me ser om haust slumar inn
skal vekkjast av vårsol og varmen.

Når evighets livet sin vårdag bryt fram,
er alle hauststormar tagna.

Då bryt den fullkomne lovsongen fram,
ein lovsong om siger og fagnad.

ein pensionist.



Difor

Kjære Ostring

For å kunne halde
fram med å hjelpe
treng me hjelparar

Særleg sør på Øya.
Er du eit duganes
kvinnfolk eller kar
så gje oss ei hand.

Ikkje gru deg....
Ta kontakt på
telefon: 55 19 21 27/
56 39 18 21



Frivillighetssentralen

Nytt frå:



Kyrkjeleg Fellesråd

Osterøy Prestegjeld v/ dagleg leiar Kristen Stang

Måling av Bruvik kyrkje:




Før måling

I førre nr. av Kyrkjehesting skreiv vi ein del om alt det arbeidet som har vore utført på Bruvik kyrkje denne sumaren. No har vi også med biletet av situasjonen; - før og etter. Som ein ser er det svære stellingsarbeid som måtte til, og ikkje er det heller reint lite av kledning og listverk som måtte nyast. Legg også merke til at verhanen no har fått kvitmalning, slik sak-kunnige meiner er

mest rett. Korleis målaren har stelt seg for å nå så høgt opp vil vi helst ikkje vita.

Vi legg også til at det framleis nok står ein del arbeid att. M.a. skal bislaget rettast opp, og her må også noko røte kledning nyast. Det står også att ein del flikkarbeid andre stader på kyrkja, men det meste av dette når ein frå stige, slik at ein ikkje treng å setje opp att dei dominande stellingane. Alt i alt vil vi difor allereie no gratulere Bruvik sokn med eit prektig nymalt kyrkjebygg..

Til slutt vil vi nemne ei heilt spesiell sak når det gjelder reparasjonsarbeidet. Der er gått sprekk i ein del av dei små rutene i vidauga. Noko har skjedd tidlegare, og nokre vart vel og skadd under malingsarbeidet. Sjølv sagt kan ein no få skåre til glas i alle



Etter måling

fasongar, men den gamle typen buklete glas som elles står i kyrkja er ikkje lenger i produksjon. Difor set inn nytt moderne heilt plant glas vil dette gjerne verte ein større kontrast enn ei sprekk. I første omgang vil vi difor først freista ei utbetring med silicon-stoff.

Nytt kyrkjekontor:

Også denne saka har nok teke litt lenger tid enn vi først rekna, men når de no les om dette her i Kyrkjehesting, reknar vi med at alle er på plass i det huset som er nærmeste nabo til rådhuset, og kor lensmannen heldt til tidlegare.. For å få med bildet i bladet hadde vi også ei førehandsinnflytting, og det høvde godt med at vi den dagen også hadde prostevitjing.

Vi kunne sjølv sagt ønske oss større og meir høvelege lokale, men slik situasjonen er tykkjer vi at plassen er godt nytta. Vi har fått til eit eige kontor til kvar av dei 6 som skal ha sin arbeidsplass her; prestane, kantoranane, kontorsekretær og dagleg leiar. Eigenleg er det vel berre dei 2 siste som vil ha fast arbeidsplass her, etter som prestane og organistane må dele arbeidstida si på mange stader kring om i prestegjeldet. Vi vonar likevel at det her kan verte eit arbeidsfellesskap, til glede for dei tilsette, men ikkje minst for folk flest, som har ærend til prest og kyrkje i ymse høve.

I tillegg til dei 6 kontora er der også eit etter måten stort forrom, som i alle fall på kveldstid kan høve godt til møterom, men til alle tider elles vonar vi det vil høve godt til å take i mot folk. Vi ønsker difor at dette kan verte ein møtestad for mange, og vi lover å halde kaffikanna varm.

Budsjett/ økonomi:

Når vi skriv dette har vi sett vore i møte med Formannskapet for dei årlege budsjetttdrøftingane. Før rebels veit vi ikkje kva sluttresultatet vert denne gongen, men vi vonar sjølv sagt at det trass i vanskelige tider for kommuneøkonomien framleis skal vere rom for kyrkja sitt viktige arbeid. Vi er også så frimodige å hevde at dersom kyrkja for nok resursar kan det også føre til mindre trøng for midlar på andre område.

Under budsjetttdrøftingane med kommunen denne gongen tok vi også særleg opp trøngen for vedlikehald på kyrkjebygga kring om. Ser ein på litt lengre sikt er det dyrt å ikkje syte for eit jamt og systematisk vedlikehald, særleg når det gjeld dei gamle og verdfulle kyrkjebyggene. Med dei trønge driftsbudsjetta ein no har er det ikkje mogleg å få til eit slikt vedlikehald. Slik det er gjort i mange andre kommunar ønsker vi no å nytte det høvet som Kyrkjelova gjev til å take opp lån for å setje kyrkjene i fullgod stand, men då må vi også få til eit samarbeid med kommunen om lånekostnadene.



På kyrkjebakken

Ny altarduk på plass i Bruvik kyrkje.

Altarduken i Bruvik kyrkje var gammal og sliten, fortel soknerådsleiar Wenche Fiskesteth. Soknerådet prøvde hausten 1999 å finna nokon som kunne sy ny altarduk, og Ruth Flostrand tok på seg oppgåva. Ruth Flostrand seier at duken skulle broderast i hardangersaum, men ho fekk frie hender til å laga mønster.

Bruvik kyrkje er svært vakker når ho ligg bada i solskin, kvitmåla mot blå fjord, minner om eit hardangerbroderi. Smårutete vindauge i gotisk stil. Det var lett å la seg inspirera. Og mønsteret er inspirert av dette. Dei ulike kristne motiv er alle lagt inn i felt forma som vindauge i kyrkja. Dei mest brukte motiva er korset, det latinske og det greske, kalken og lyset, fordi Kristus er verdens lys.

Alle motiv er gjentekne fleire gonger rundt duken.



Ruth Flostrand



Mønsteret vart samrøysta godkjent av Bruvik sokneråd. Slik det er med kyrkjekstilar måtte også Osterøy kyrkjeleg fellesråd og Bjørgvin bispedømeråd godkjenna forslaget, og det gjorde dei. Ruth Flostrand seier at det er bra at så



mange skal godkjenna, at det er eit nålauga å koma gjennom. I ettertid er det fleire som har kontakta henne for å få bilet av duken, ja heilt frå Skåne i Sverige likar dei hardangersaum. 29. okt. var ho til stades i Bruvik kyrkje og fortalte om mønsteret, og fekk blomar og takk frå soknerådet v/ Wenche Fiskesteth, for den særskilte fine altardukken. Osterøy kyrkjekor deltok og i kyrkja denne dagen. Me ynskjer kyrkjelyden i Bruvik til lukka med ny altarduk.
O. M.

Måling av kyrkjebenkene i Gjerstad kyrkje

I siste nr. av Kyrkjehelsing vart det lyst etter dugnadsfolk, og vi kan no melde at arbeidet er kome godt i gong. Den kvelden Kyrkjehelsing var på vitjing var det Sveinung Hartveit, Arne Kristensen og Magnvald Mæstad som svinga kostane, men dei kunne også fortelje om fleire andre som har teke eit tak. Det såg ut for at gutane hadde eit godt lag med reiskapen, og i tillegg var det mykje latter og gode replikkar. Vi kan difor gjeve vår beste tilråding om ei dugnadskveld i Gjerstad kyrkja, og vend dykk då til Marta Gjerstad, Roald Hauge eller Astrid Mæle.



På kyrkjebakken


Fellesmøte for sokneråda laurdag den 20. januar 2001 kl. 10.00 - kl. 15.00.

Det er Gjerstad sokn som no står for tur til å stå som lokal arrangør for det årlege fellesmøtet for sokneråda og tilsette ved Kyrkjeleg fellesråd. I år vil vi også gå ut med ei særleg innbyding til ungdom å vere på møtet. Denne gongen vil vi nemleg fokusere på korleis vi betre kan nå ungdom i det kyrkjelege arbeidet. Korleis kan kyrkja på Osterøy best støtta opp om det ungdomsarbeidet som allereie er i gong innanfor kyrkja, og korleis kan vi hjelpe fram nye initiativ.

Dette er også no eit særleg satsingsområdet for Bjørgvin Bispedøme, og med oss på samlinga vil vere undervisningskonsulenten i bispedømet Marianne Bergsjø Gammelsæter. Nokre frå sokneråda har også møtt ho tidlegar i samband med konfirmantplan-arbeidet. Ho ivrar for at kyrkja skal gå meir aktivt ut i høve til ungdom, og til møtet på Gjerstad vil ho også alliere seg med nokre lokale ungdomar, som er engasjert i kyrkja på Osterøy, slik at vi kan take for oss nokre aktuelle og sentrale problemstillingar.

Dagsprogrammet vil starte med ei andaktsstund i Gjerstad kyrkje kl. 10.00, og sidan vert det presentasjon, innleiing, gruppearbeid, felles drøftingar m.v. fram til kl 15.00. Noko å bite i vil det også verte underveis. Vi vonar at så mange som mogleg av soknerådsmedlemene og dei tilsette ved Kyrkjeleg fellesråd kan møte, og at vi også får med oss ein del ungdom.

Kristen Stang



50-års konfirmantar frå Haus



1. rekkje frå v: Kirsten Aud Hylseng Karlsen, Solveig Lauvskar Sjursen, Inga Maria Bjørsvik og Haldis Hvidsten. 2. rekkje frå v: Nils Anders Vatle, sokneprest Johannes Melve og Olav Løtveit.

Nokre juletankar

V/Alf Terje Mortensen

Så var den her, jula, Den perioden i året det er knytt flest tradisjonar til. Gode minner. Folk bakar og steller i stand mat, og til denne anledninga er det berre kost som er godt forankra i den norske matkulturen som heldt mål : Pinnekjøt, lutefisk, svineribbe, rullepølse, , sirupsnippa, peparkaker o.s.v.

Det vaskast og ryddast i heile huset for det må vera skikkeleg reint til jul, må vita. Julehandelen må gjerast, og endelause kassakørar i butikk etter butikk piner me oss gjennom. For ein må jo få kjøpt det som står på ønskelista.



Så, dei siste dagane før jul, kjem juletreet på plass. Kassar på kassar med pynt kjem fram frå loftet, og juleløparar, hjarte, englar og nissar i hopetal har inntekte heimane våre på nytt. Alt er tradisjon, det høyrer med. Når alt er unagjort, har heimen omsider fått jula over seg, og julefreden kan senka seg.

Så kjem dagen. Den lengste i året for ungane, dei vaksne har alltid noko å styra med, og ungdomane klarer alltid å sova bort nokre timer om dagen vert for lang. Det er og gudsteneste julaftan, og den er veldig fin å få med. T v – kanalane kjem med sitt årvisse tilbod til oss med Sølvgutane som vent og vakkert syng julefreden ut i dei tusen heimar, og Tante Pose vert sendt utpå kvelden.

Men, opp i alt vårt kav og all vår tradisjon, hugsar me eigentleg på kva grunnen er til at me feirar jul ? Me reiser attende 2000 år i tid og hamnar på markene utanfor Betlehem i : ” Det var nokre gjetarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei følende redde. Men engelen sa til dei : ” Ver ikkje redde ! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein Frelsar Davids by ; han er Kristus , Herren. Og det skal de ha til teikn : De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krybbe . ” Luk. 2. 8 – 12. I dag er det fødd dykk ein Frelsar !! Frelsar, ja. Ein redningsmann ! Det som startar her er byrjinga på ei rekke ting, som til saman gjer at me kan få verta frelst og få evig liv. Det er litt av eit tilbod me har fått her, og måtte det bli slik at alt kavet fekk sin rette verdi, ved at det verkeleg gjekk opp for oss kvifor me har laga i stand alt dette omkring julefeiringa. Så når juleførebuingane går for fullt : Ta nokre minuttar, slapp av og tenk i gjennom kvifor me gjer dette.

God jul og godt nyttår !



Velkommen til NMS-leirar vinter og påske 2001

ALVÆRA:

19.-21. februar

Vinterleir 1: 2.-4. klasse

22.-25. februar

Vinterleir 2: 5.-7. klasse

6.-9. april

Tenleir: 14-19 år

KVAMSSETER:

5.-7. januar

Leirleiarhelg

9.-11. februar

Nettverkstedhelg

23.-27. mars

Skiweekend: 13-19 år



Joleklokker over jorda
ring no høgt frå tårn og tind,
ring no ut dei sæle orda
fred frå Gud i alle sinn.
Klokker vidt om verda kime
mildt til alle hjarto ned.
I vår Frelsars fødsels time,
arme jord, ha jolefred!

Fader, send din fred til alle
dei som sit i sorg og sut,
ljose himmelklokkor kalle
dei frå lidingsnatta ut!
Vis : på jorda alle stader
bur ei ætt av same blod,
Kjøpt til born av same Fader,
sysken, eitt i hug og mod.

Send oss, Gud, din kjærleiks Ande
gjer det mellom kristne greitt,
knyt i nåde syskenbandet,
samanbind rett til eitt.
Våre stridar må du jamna,
småleg kiv og ovunds ferd,
alle kristne sysken samna
til ein samlynd Herrens her.

Anders Hovden 1923.

